

Riksantikvarens Utviklingsnett



Ål stasjon

Trond Taugbøl@Riksantikvaren

Bergensbanen 100 år - i Kulturminneåret 2009

Inspirasjonssamling - 17. april 2008 i Ål – Informasjon og idéar om korleis året kan markerast

I 2009 er det 100 år sidan Bergensbanen blei opna, og dette skal markerast på ulike måtar i løpet av jubileumsåret. Bergensbanen sitt jubileum fell saman med Kulturminneåret 2009, noko som kan vere eit høve til å lyfte fram dei mange kulturminne og kulturmiljø som ein finn langs denne kjende jernbanestrekninga.

I god tid før eit travelt år inviterer derfor Riksantikvarens Utviklingsnett, i samarbeid med Kulturminneåret 2009, til ei informasjons- og idé-samling - **17. april i Ål kulturhus i Ål.**

Vi ønskjer med dette seminaret å samle kommunar, museum, frivillige organisasjonar og andre gode krefter som ønskjer å markere desse to viktige hendingane til ei gjensidig utveksling av informasjon, idéar, planar og kontaktar.

Invitasjonen blir send alle dei som på ulik måte er interessert i å vere med på å markere dette året. I tillegg vert invitasjonen send ut til eit stort tal organisasjonar og institusjonar som på ulik måte har direkte tilknytning til Bergensbanen eller arbeidet til jernbana generelt.

Ønskjer du nærmare informasjon om seminaret - ta kontakt med Tron Stranden, tlf. 982 02 830 eller e-post tron.stranden@ra.no

Seminaret er gratis og finn stad i Veslesalen i Ål kulturhus. Ankomst med austgåande og vestgåande tog, lunsj og registrering kl. 12.00. Frå Oslo S kl 08.11, ankomst Ål kl 11.24; frå Bergen kl. 07.58, ankomst Ål kl. 11.21

Påmelding til Tove Thorgersen på e-post: tove.thorgersen@ra.no 982 02 836 innan

14. april.

Program:

13.00 Opning

Ordføreren i Ål, Torleif T. Dalseide

13.15 Bergensbanen - livsnerven over høgfjellet i hundre år

Kjartan Rødland, tidlegare sjefredaktør i Bergens Tidende

14.00 Kulturminne og kulturmiljø langs skjenegangane

Kjell Andresen, rådgivar, Riksantikvaren

14.40 Pause

15.00 Verdiskaping og næringsutvikling - Bergensbanen inn i framtida i

Hallingdal

Torleif T. Dalseide, ordførar og medlem av Forum for det nye Bergensbanen/
Knut Arne Gurigard, leiar av Regionrådet for Hallingdal

15.45 Kulturminneåret 2009 på skjener: presentasjon av nokre idéar, planar og aktivitetar

- **Frå kulturminne til kulturminne, ei nasjonal hovudsatsing i KMÅ 2009**

Sidsel Hindal, prosjektleiar for Kulturminneåret 2009

Pause

- **Bergensbanen, nasjonalt symbol og kulturminne - korleis formidle dette?**

Björg Eva Aasen, utstillingsleiar/formidlar, Norsk Jernbanemuseum

- **Jubileumskomiteen for Bergensbanen sitt 100 års-jubileum – kva vil skje i 2009?**

Inge Hjertaas, informasjonssjef, Jernbaneverket Vest

Anna informasjon frå ulike organisasjonar og institusjonar.

18.00 Vi sluttar av med middag

Tog attende vestover og austover

Frå Ål kl. 19.19, ankomst Oslo S kl. 22.32; frå Ål kl 19.21, ankomst Bergen kl. 22.35